10.–12. februar var koret Vivace vertskap for Ung kirkesangs dirigentkurs for barn og ungdommer. 50 ivrige korsangere fra Bodø i nord til Tynset i sør var samlet for en helg fylt med sang, dirigering og notelære. I tillegg deltok 8 instruktører, 2 assistenter og en del voksne reiseledere.

Kursopplegget består av 4 moduler hvor hver modul går over to helgesamlinger. Med en samling på høsten og en på våren tar det korsangerne 4 år å fullføre opplegget. Underveis må sangerne bestå prøver for å gå videre til neste nivå. Vi i Vivace synes dette er et veldig flott kursopplegg og har valgt å være med på opplegget sammen med korskolen i Bodø domkirke, barne- og ungdomskorene tilknyttet Gruben kirke i Mo i Rana og kormiljø knyttet til kirkene i Mosjøen. Arrangørjobben går på omgang mellom disse korene og i februar var det Vivace sin tur.

Korsangerne dirigerte, sang og hadde teoriundervisning fra fredag ettermiddag til søndag ettermiddag. Dagene var fylt til randen med faglig program, men på lørdag var det lagt inn 2 timer pause slik at de tilreisende fikk tatt Inderøy i øyesyn og lørdag kveld



Ragnhild, Emilie, Sigrid Amalie og Sofie fra Inderøy, Sunniva og Trygve fra Mosjøen og Victoria fra Bodø (ikke med på bildet), besto den avsluttende prøven og er klar for større oppgaver.

ble det tid til underholdningskveld hvor deltagerne sang, spilte, danset og hadde konkurranser fra kafescenen på Akset. Alt organisert av deltagerne, mens de voksne sto for taco, popcorn og kaker.

Søndag deltok sangerne under gudstjenesten i Sakshaug kirke. Det var lagt opp til mye sang fra koret og alt ble dirigert av kursdeltagerne som en del av prøven de må igjennom. Alle besto dirigeringen med glans og det lød skikkelig bra fra det store koret som ble belønnet med stående applaus fra menigheten.

Korsangerne kan selv velge om de ønsker å være med på dirigentkurs fra det året man fyller 9 år. Hele 30 fra Vivace deltok denne gangen, det er kjempebra! Helgene er veldig lærerike og det er ikke tvil om at nivået i korene heves ved at sangere deltar på dette opplegget.

På sikt kan de som har fullført alle kursene brukes som hjelpe-dirigenter. I Vivace har vi nå 5 sangere som har avlagt avsluttende prøve og er klar for større oppgaver.

Vi fikk låne barneskolen til overnatting og undervisningslokaler på IVGS. Det fungerte helt utmerket. Det er mye arbeid med et slikt arrangement og foreldregruppen med Rita Marie Skjermo i spissen la ned en formidabel innsats med planlegging, innkjøp, matlaging, vasking og rydding. Vi fikk også sponset mat fra Inderøy slakteri. All ære til fantastiske foreldre som gjorde arrangementet mulig!

Søndagsskole/barnemøter i Mosvik

Det holdes søndagsskole/barnemøter i Mosvik bedehus torsdager i partallsuker kl. 17.30–ca. kl. 19.00.

Videre datoer våren 2017 er: Torsdag 23. februar, torsdag 9. og torsdag 23. mars, torsdag 6. og torsdag 20. april, torsdag 4. og torsdag 18. mai. I møtene er ulike aktiviteter, sang, andakt, mat og utlodning. Ledere er Hjørdis Sætereng og Liv Turid Braseth. Søndagsskolen er organisert i Norsk Søndagsskoleforbund.

Alle barn er hjertelig velkomne!

TULIPAN

Alle kjenner denne flotte vårplanten som vi kan få i så mange strålende fargevariasjonar. Men ikkje alle veit at få planter har ei så spennande og dramatisk historie som tulipanen. Den var hoffblomst hos sultan Suleiman i Istanbul på 1500-tallet, seinare vart planten årsak til den såkalla "tulipanmani" og verdas første børskrakk i Nederland i 1637. Tulipanen kom altså frå det austlege Middelhavs-området, og den veks vill vidare utover i Sentral-Asia. Der har den tilpassa seg tørre, varme somrar og kalde vintrar. Ordet tulipan kjem av det persiske ordet for turban. Folk syntes vel at blomsten – eller løken – likna på hodeplagget turban. Særleg populær var planten i Tyrkia, og våren i Istanbul er framleis prega av mange flotte bed med tulipan. På 1500-tallet kom tulipanen til Europa, først til Nederland, England og Tyskland, og i Frankrike vart den også hoffblomst ved hoffet hos Solkongen, Ludvig 14.

Her i Norge vart planten omtalt i den første hageboka som kom i 1694. Her vart det også gitt dyrkingsråd som vi i stor grad følgjer også i vår tid. Sitat: *"Tulipaner skal sættes i October eller November ved fuld Maane, – – saa tagis en Jernstang om Jorden er frossen, og stødis et Hul en haandsbred dyb, og et Qvarter fra hinanden, og siden kastes lit fin Sand i hvert Hul, saa sætter man Tulipanen der udi, og siden Sand og Muld ofven paa igjen. – – Tulipaner tagis op naar de hafver af-blomstret, og stengelen tørris efter St. Olai tid."* (Olsok, red. anm.)

Det merkelegaste fenomenet i tulipanhistoria er den såkalla "tulipanmanien" i Nederland på 1600-tallet. Planteforedlarar klarte å framstille nye tulipaner med flotte fargar, og slike likte rikfolket å imponere kvarandre med. Ein hage vart sett på som ei samling av rikdommar. Prisane steig, og tulipanløk vart etter kvart investeringsobjekt. Spekulantar såg for seg rask og stor fortjeneste. Mange pantsatte både hus og eigedommar for å tene raske pengar. Den dyraste tulipanen vart selt for det som i dag svarar til 40 årslønner! Så plutselig i februar 1637 var eventyret over, og marerittet begynte. Mange tapte hus og heim og det dei hadde investert i. Kjøpmenn gikk konkurs og vart straffa med lange fengselsstraffer. Formuane forsvann som snø for sola, og mange miste jobbane sine. Det første børskrakket i verda var ein realitet! Krakket førte



til at tulipanen var lite populær ein periode, men som kjent er Nederland igjen kjent for dyrking av tulipaner. Mange nordmenn reiser kvart år for å sjå den spektakulære tulipanblomstringa i Keukenhof i april.

Her i Norge vart tulipanen som nemnt omtalt første gong i 1694, men den var nok komen til landet fleire år tidlegare. Og det var i Bergen dei første tulipanane vart dyrka her i landet. Diktarpresten Petter Dass som levde frå 1647 til 1707, var ofte på reise til Bergen, og han kjente tydelegvis til tulipanen, for han nemner den i ein av salmane sine der han lovprisar skaparverket og alt det vakre som fins på jorda. Her er det første verset:

*Almægtig Gud! Hvor kostelig
har Du stafferet Jorderig
med Bierg og dybe Dale!
Med Fiord og Elv, med mangel By,
hvis Taarne strækker op i Sky,
og konstelig monne prale!
Moser, Roser, Tulipaner,
Høye Graner, Ask og Linder,
som sig her og der befinder.*

Salmen står ikkje i salmeboka, men den er blitt kjent ved at Ola Bremnes har sett ein flott melodi til diktet. Sakshaug kyrkjekor hadde salmen på repertoaret da koret var på besøk i Mosjøen og song i Dolstad kirke i september 2016.

I dag er tulipanen den mest populære snittblomsten i Norge. I tulipansesongen som strekker seg frå november til april, kjøper vi ca 80 millionar tulipanar, og dei aller fleste er produsert her i landet. Men dei av oss som er så heldige å ha ein hagefleck sjøl, kan gle seg over denne vakre blomsten lang tid utover våren! Tulipanen har også fått sin eigen dag: Tredje fredagen i januar er tulipanens dag.

Sigrud Haavik

Velkommen til «Er det mulig?»!

– en samling for alle som går i 1. klasse i hele Inderøy kommune

Dette skjer i Heggstad kyrkje lørdag 25. mars mellom klokka 10 og klokka 11.30. Vi hører fortellingen om da Maria fikk besøk av en engel som fortalte at hun skulle bli mor. Etterpå tegner vi det slik vi tror det så ut den dagen.

Siden denne dagen er vaffeldagen avslutter vi samlinga med vafler og saft. Foreldre som vil har lov til å være i kirka sammen med oss.

Vil du være med? Send en mail til silje.vang.pedersen@inderoy.kirken.no innen onsdag 22. mars. Dette blir gøy! ☺



Årsmelding Mosvik sokneråd 2016

Mosvik sokneråd har hatt følgende sammensetning i 2016:

Vivian Furunes – leder

Grete Vennes – nestleder

Kari Viken – sekretær

Svein Nyborg – kasserer

Ingun Sagmo, Jan Sundseth og Jonas Berg.

Sokneprest Ottar Strand er medlem av soknerådet.

Soknerådet har hatt 9 møter og behandla 39 saker.

Menighetens årsmøte 2015 ble holdt i Mosvik kirke i mars.

I januar arrangerte vi medarbeiderfest for hele kommunen. Vi starta med kveldsbønn i Vestvik kirke med påfølgende fest på Haugtun. Der serverte vi gryterett og kaker. Det var og underholdning av familien Fossum, noe som var meget velykket.

I mars var det fest for konfirmanter og foreldre i Mosvik kirkestue. Der ble konfirmantene informert om fasteaksjonen som de deltar på hvert år.

Konfirmantene har og deltatt på konfirmantleir på Solhaug leirsted. I mai var det dugnad ved kirkene våre. En takk til alle som stiller opp for at det skal bli fint ved kirkene.

I juni ble Vestvikdagen arrangert. Det var et flott tiltak selv om været ikke spilte på lag med oss. Ca. 500 personer var innom i løpet av dagen på ulike arrangement.

Det har vært gudstjeneste ved Hamnasetra, Liatjønna og Røssheia.

Søndag 25. september var det 50-årskonfirmantfest i Mosvik. Konfirmantpresten deres, Olaf Rasmussen, kom og var i lag med oss denne dagen, noe som ble godt mottatt.

Det har og vært volleyballcup på Mosvik skole for alle konfirmanter og fakkelmesse for elevene ved Mosvik skole.

Julekonserten var på Vestvik med mange flinke aktører.

Det har blitt delt ut bibler til 5. klasse og Min egen kirkebok til 4-åringene i soknet.

Det er holdt 22 gudstjenester med i alt 1684 til stede – en liten nedgang fra 2015.

I offergaver kommet inn kr. 32044,-.

7 barn er døpt, 2 vielser og 6 begravelser.

Det har vært 5 konserter med 521 deltakere.

Elsa Killingberg og Inger Bakkhaug syr dåpskluter til dåpsbarna.

Jorunn Sundset er klokker i Mosvik kirke og Vivian Furunes i Vestvik kirke.

Til slutt vil Mosvik sokneråd takke ansatte, prester og frivillige medarbeidere for godt samarbeid i året som har gått.

Mosvik 1. februar 2017
Mosvik sokneråd
v/leder Vivian Furunes

Tankar omkring konfirmasjonen – nokre tidsbilete

Det var det året eg gjekk for presten at... Eg hugsar det så godt, for det var det året eg vart konfirmert... Vi gjekk for presten saman, vi... Kor gammal er ho? Ja – ho vart konfirmert to år før meg, så... Eg fekk denne fine gåva til konfirmasjonen... Eg hugsar presten sa at.....

Nettopp! Konfirmasjonsåret, konfirmasjonstida og til sist sjøve dagen for hendinga har gjerne blitt trekt fram for å stadfeste ei hending, forankre eit minne, dokumentere eit årstal eller streke under noko som er viktig i livet, som eit vendepunkt, ein start på nye kapittel. Steget over terskelen til det vaksne livet. Sju magre skoleår var over, for dei aller fleste i alle fall, og du var klar for teneste, for arbeidsmarknaden, for å komme i praktisk lære. Det var i alle fall slik, inntil for eit par-tre generasjonar sia.

Når det vart slik, er det vel fordi konfirmasjonen i den evangelisk-lutherske kyrkja vart innført som obligatorisk i 1539, og da som ei direkte følge av Reformasjonen som snudde på så mangt to år før.

Derfor er det ein snart fem hundre år gammal tradisjon som ungdommane våre om få veker skal føre vidare. Etter at konfirmasjonen vart pålagt i lovs form i 1736, vart konfirmasjonsattesten eit avgjerande og helst einaste eksamensbevis ein ungdom kunne legge fram når kvalifikasjonar skulle målast og vekkast: Ei grundig og vel organisert opplæring i kristen tru og handling var gjennomført. Utan den

kunne du få store vanskar med å få arbeid. Du kunne heller ikkje gifte deg, ikkje avtene militærteneste eller vitne i retten. Hadde du passert 19, og framleis ikkje hadde papira i orden, kunne du bli sett på straff – i tukthus eller i gapestokken. Denne strenge, og sett frå vår side, meiningslause lova vart oppheva i 1912. Frå da har konfirmasjonen vore frivillig og krev eit sjølvstendig og aktivt val frå ungdommane.

”Går ungdommane for presten” lenger, forresten? Det er lenge sia vi har høyrte det nemnt. Men farfar ”gjekk for presten”, som alle andre og i bokstaveleg forstand. Året var 1875, og han fortalte villig om den rike tida han opplevde denne sommaren. Konfirmantundervisninga starta om våren. I mai, når skoleåret og skoletida var over – for godt. Undervisninga skjedde på Li prestegard, der sokneprest Schubeler regjerte med streng og respektkrevande justis. Dit var det ei mil å gå, kvar veg, og på dårleg veg og i dårlege sko var det ei lang reise gjennom ein lang dag. Pensum? Salmebok, testament og... Katekisma. Den måtte lærast ordrett og på rams frå A til Å – med eller utan meining for ein stakkars elev, men det var ei anna sak.

Farfar kom godt ut av det, for på den store dagen i Salbergs kyrkja vart han stilt opp fremst i rekka opp mot koret, lenger opp enn det sosial status skulle tilseie. Konfirmantane vart eksaminerte under handlinga, og da soknepresten kom til farfar og la

handa på hovudet sa han.”Og så du min gutt, som har gitt meg så mange gode stunder i sommer!”

Eksamen var bestått. Rein seksar etter dagens termar, og på eit vis med innstilling – til Salberg sokn og heile bygda. Dette vart farfars mastergrad! Han tok vel vare på den, levde etter det han hadde lært og hadde store bekymringar for ein yngre Jørgen som hadde problem med både salmevers og dei traurige forklaringane: ”Det er...”

Svigermor var frå Beitstad, og gjekk for presten på Solberg prestegard. Året var 1923. Ein av konfirmantane kom frå ein liten gard innpå fjellet i Verran, og det var langt frå Sela-grenda og over fjorden til Solberg kyrkje og -prestegard. Dag ein til fots til Malm. Der vert det overnatting. Dag to i lånt båt over fjorden, og til undervisning i prestegarden. Så same vegen tilbake med Malm som mål for dagen. Den siste og tredje dagen gjekk til den lange og bratte vegen over berg og bakkar inn over Follaheia.

Men her er meir: Guten var vaksen han, heile 19 år, og hadde solid skjegg. Truleg hadde han ikkje så lett for det, som ein kunne seie om ein slitar i bokleg forstand, for under ein eksaminasjon sa presten klårt i frå: ”Lærer du ikkje lekse di til neste gong, viser eg deg i frå i år og!”

Utsagnet tyder på at han nok hadde vore oppe til prøve eit par år før, utan å sleppe fram..., men det gjekk visst bra til sist, denne gongen. Ein kunne elles bli freista til å spørje om det var berre guten

som mangla vett. Det skrantaste kanskje litt hos den andre parten og, og der ein kunne vente meir!

Far sin konfirmasjon? Mye pugg der og, og sjølv konfirmasjonen opplevde han helst som ei sosial utstilling, med synleg skilnad på dei som hadde, og dei som ikkje, eller lite hadde. Ein av dei betre stilte hadde pen dress, hatt som det sømte seg for velklede vaksne karar, og svarte gummi-kalosjar over blanke finsko. Under seansen sat han og gnikka dei blanke kalosjane mot kvarandre og laga gnisse-lyd slik at alle måtte sjå på og merke seg kalosjane, og den einaste som hadde noko så fint og moderne. (Greit at vi no har fått dei fine kappene!)

Elles gjekk alt godt. Dagen var stor, gåvene få og små, opplevingane mange og minna rike og lærdommen verdfull for heile livet.

Marit vart konfirmert i gamle Mære kyrkje i 1953. Ho "gjekk og las" hos prost Knut Eik-Næs. Han var så visst ingen kven som helst og ein mann ein hadde stor og oppriktig respekt for. "Vi kunne rett som det var møte han på skolevegen, han på tur til Mære Stasjon. Da hoppa vi alltid av sykkelkelen, neia djupt med eit tydeleg

"God dag". Og han letta på hatten og helsa igjen", fortel ho.

"Vi hadde ei fin konfirmasjonstid, og på sjølv konfirmasjonsdagen, heilt til slutt, kom han med desse orda: Og så må de hugse på det, ungdommar, at de må *te dykk vel*. Da vil det gå dykk bra!"

Der var heile essensen i konfirmantopplæringa forma og presentert i to små setningar. Korleis vi skulle greie "å te oss vel", hadde han nettopp gitt oss ei fylldig oppskrift på gjennom travle sommarveker".

Min eigen konfirmasjon hausten 1952? Vi fekk res. kap. Ove Knarlag som mild og myndig vegleiar. Interesse var kanskje ikkje på topp, men eg lærte lekser, og salmane sat godt om dei var både lange og mange. Han var og opptatt av at vi forsto det vi las og lærte. Ba vi Fader Vår, måtte vi bruke tanken og tida. Ikkje ramse opp ein tekst i tanketomt hastverk. Dessutan sit det att to salmar som hjørnestolpar i mi religiøse verd: "Eg ser deg Gud i kvar ein blom som tirar...", og "Eit ord er ei pil, som flyger av stad utan stans eller kvild..." Sjølv festen? Slekt. Familie. 360 kr. Ei lommebok som finst

enno, og litt til. Men i ettertid og mest av alt: Ei vekking av fellesskap og tradisjonskjensle omkring ei kyrkje på Røra som vart "mi" kyrkje og eit sentrum i tilværet etter som mange gleder og få sorger har passert og forma eit langt liv og ein stor familie.

Så går det mot mai månad, og det er enno ein gong tid for konfirmasjon i heimen vår. Barnebarnet Maren har "gått for presten" sia i fjor haust. Nei ho brukar forresten ikkje det uttrykket ho heller. Det er gammaldags og utdatert for lengst. Ho har konfirmantundervisning i skoletida og let vel om det. Dei faste kyrkjebesøka er oppfylte med rimeleg overmål, og snart er det leir med moro og alvor i givande samspel. Sokneprest Strand nemner ho aldri. Ikkje slik, i alle fall! Derimot har vi inntrykk av at ho er på god talefot med Ottar, eller Ottar prest, om det trengst litt meir respektfull nøyaktighet. Respekten er der, for oppgåva, for rollefordelinga og for prosessen, men fordi kommunikasjonen er god og naturleg, går læringsprosessen lett og inn i eit mønster med åndeleg vekst og utbytte.

Og snart er ny flaggstong klar for høvling og måling. Ny bunad er ferdigstilt, meny til festen er fastlagt og alt er forventningsfullt på stell.

Når 14. mai er over, kan Maren og alle dei andre konfirmantane ved Salberg kyrkje feste ein ny merkedag til livslina si – med rot i ein fem hundre år gammal tradisjon, og i eit rotekte kulturhus som har forma røybygger i over tre hundre av desse åra.

Det er alltid noko stort ved ein konfirmasjon...

Jørgen Røflo

Utgivelsesplan Kjerkeblad for Inderøy i 2017

Blad 1: Frist for stoff og bilder til redaktør tirsdag 21. februar. Bladet kommer ut i uke 11, som er 13.–19. mars.

Blad 2: Frist for stoff og bilder til redaktør tirsdag 30. mai. Bladet kommer ut i uke 25, som er 19.–25. juni.

Blad 3: Frist for stoff og bilder til redaktør tirsdag 5. september. Bladet kommer ut i uke 39, som er 25. september–1. oktober.

Blad 4: Frist for stoff og bilder til redaktør tirsdag 21. november. Bladet kommer ut i uke 50, som er 11.–17. desember.

For redaksjonskomiteen: Liv Skogset Værdal, redaktør, e-post: liv.vaerdal@online.no – tlf. 917 09 285.

Slekters gang

INDERØY SOKN

Døpte

- 04.12. Elise Elden Kolstad
25.12. Benjamin Holmen Lorås
12.02. Markus Angel Ulstad Mathisen
Emilie Brikselli

Døde

- 26.11. Magnhild Jørgine Vist f. 1928
09.12. Pauline Landsem f. 1927
08.12. Nelly Steinstad f. 1936
14.12. Tormod Furunes f. 1964
19.12. Tore Nikolai Østerås f. 1943
15.01. Oddbjørg Indgjerd f. 1930
18.01. Sigrid Linnea Kvistad f. 1939
02.02. Olaug Mathilde Ulvin f. 1933
05.02. Paul A. Sakshaug f. 1939
06.02. Margit Skjelstad f. 1922
06.02. Lilly Stavrum f. 1930

RØRA SOKN

Døpte

- 12.02. Mia Sofie Brovold
Mie Johnsen Fuglår

Døde

- 22.12. Ludvik Starnes f. 1927
08.01. Vinnie Elvira Følstad f. 1925
20.01. Petter Asbjørn Bragstad f. 1926
25.01. Egil Rolf Nyborg f. 1926
31.01. Karen Nordtømme
Hansen f. 1929

SANDVOLLAN SOKN

Døpte

- 05.02. Tinus-Olai Kvam

Døde

- 11.01. Marna Kvistad Agle f. 1939

MOSVIK SOKN

Døpte

- 15.01. William Eriksen Wold
29.01. Hedda Vist-Hamstad
Olivia Vist-Hamstad

Døde

- 21.01. John Harald Melting f. 1937
03.02. Anna Oline Nyeng f. 1927
07.02. Jomar Otto Ringstad f. 1934

Å synge jula ut – en fin tradisjon

Å synge jula ut på tjuende dag jul har blitt en fin tradisjon på Sandvollan. Et rikt og variert program ga også i år grunnlag for gode opplevelser for alle som var til stede i kirka.

Som vanlig bestod programmet av allsang og ulike sanginnslag, og det var også andakt ved sokneprest Ottar Strand. Allsangene var velvalgte sanger og salmer, fra «Mitt hjerte alltid vanker», via bl.a. «Julekveldsvisa» og til «Ei krybbe var vogga» avslutningsvis. Ei gruppe fra Sandvollan songlag var forsangere på galleriet, og kantor Bjørn Bratsberg hadde full kontroll og bidro til å løfte arrangementet fra han åpnet med preludiet og til siste tone var spilt.

Tredje klasse ved Sandvollan skole hadde seks sanger på repertoaret. Disse ble fremført i to avdelinger, med lærer Ketty Oslo Jule på piano. Og ikke nok med det! Da elevene var ferdige med programmet, ønsket de å synge enda en sang, som de hadde lært i KRLE-faget. Flott at det synges på skolen – til inspirasjon for sangglade barn!

Kveldens solister var Victoria Hennissen Smistad, som går i tredje klasse, og Thale Jørstad, som hadde tatt turen heim fra Trondheim, der hun job-

ber i Opera Trøndelag. Victoria sang «Det skjer et under i verden» og «Sonjas sang til julestjernen». Thale sang først «Jul, jul, strålende jul» og avsluttet med fantastiske «O, helga natt». Begge solistene hadde stødige tonefølge på piano av kantor Bjørn.

Takk til alle som bidro til ei god stund i kirka! Det er fint å lytte til vakker sang og musikk, og det er fint å synge sammen. Det bidrar til samhörighet og fellesskap.

Tekst: Kari Nikolaisen

Foto: Even Aakran



Glade – og kanskje litt slitne? tredjeklassinger, med velfortjente blomster fra soknerådet som takk for sangen. Solist Victoria nr. 4 foran fra venstre.

Messeliste

- | | | |
|--|--|---|
| <p>19.03. 3. søndag i fastetiden
Luk 11, 14-28
Salberg kyrkje kl 11.00
Gudstjeneste v/prest
Hans B. Neergård</p> <p>Mosvik kirke kl 11.00
Gudstjeneste v/prest
Sverre Gustad</p> | <p>15.04. Påskeaften
Mark 16, 1-8
Salberg kyrkje kl 23.00
Kveldsgudstjeneste v/spr.
Ottar Strand</p> <p>16.04. Påskedag
Luk 24, 1-9
Sakshaug kyrkje kl 11.00
Høytidsgudstjeneste v/spr.
Ottar Strand</p> | <p>25.05. Kristi himmelfartsdag
Mark 16, 19-20
Heggstad kyrkje kl 11.00
Konfirmasjonsgudstjeneste
v/spr. Ottar Strand</p> <p>28.05. Søndag før pinse
Joh 15, 26-27
Sakshaug kyrkje kl 11.00
Konfirmasjonsgudstjeneste
v/spr. Ottar Strand</p> |
| <p>26.03. Maria budskapsdag
Luk 1, 26-38
Sakshaug kyrkje kl 11.00
Gudstjeneste v/spr. Ottar Strand</p> | <p>23.04. 2. søndag i påsketida
Joh 21, 1-14
Heggstad kyrkje kl 11.00
Gudstjeneste v/vikarprest
Tine Jøhnk</p> | <p>04.06. Pinsedag
Joh 20, 19-23
Sakshaug kyrkje kl 11.00
Høytidsgudstjeneste v/prest
Sverre Gustad</p> |
| <p>02.04. 4. søndag i fastetiden
Joh 11, 45-53
Salberg kyrkje kl 11.00
Gudstjeneste</p> | <p>30.04. 3. søndag i påsketida
Joh 10, 11-18
Sakshaug kyrkje kl 11.00
Jazzgudstjeneste v/prest
Sverre Gustad</p> | <p>05.06. 2. pinsedag
Joh 16, 5-11
Salberg kyrkje kl 11.00
Høgtidsgudstjeneste v/prest
Sverre Gustad</p> |
| <p>09.04. Palmesøndag
Joh 12, 12-24
Mosvik kirke kl 11.00
Gudstjeneste v/spr. Ottar Strand</p> | <p>06.05. Mosvik kirke kl 11.00
Konfirmasjonsgudstjeneste
v/spr. Ottar Strand</p> | <p>11.06. Treenighetssøndag
Matt 28, 16-20
Sakshaug kyrkje kl 11.00
Gudstjeneste v/spr. Ottar Strand
Inderøyfest</p> |
| <p>13.04. Skjærtorsdag
Matt 26, 17-30
Bøl kl 12.00
Friluftsgudstjeneste v/spr.
Ottar Strand</p> <p>Vestvik kirke kl 19.00
Kveldsgudstjeneste</p> | <p>13.05. Salberg kyrkje kl 11.00
Konfirmasjonsgudstjeneste
v/spr. Ottar Strand</p> | <p>18.06. 2. søndag i treenighetstida
Matt 3, 11-12
Hustad kyrkje kl 11.00
Gudstjeneste v/prest
Sverre Gustad</p> |
| <p>14.04. Langfredag
Luk 22, 39-23, 46
Heggstad kyrkje kl 19.00
Kveldsgudstjeneste v/prest
Sverre Gustad</p> | <p>14.05. 5. søndag i påsketida
Joh 15, 1-8
Salberg kyrkje kl 11.00
Konfirmasjonsgudstjeneste
v/spr. Ottar Strand</p> | <p>25.06. 3. søndag i treenighetstida
Luk 14, 15-24
Vestvik kirke kl 12.00
Vestvikdagene v/spr.
Ottar Strand</p> |
| <p>17.05. 17. mai
Luk 1, 50-53
Heggstad kyrkje kl 10.00
Gudstjeneste</p> <p>Sakshaug kyrkje kl 11.00
Gudstjeneste</p> <p>Mosvik kirke kl 11.00
Gudstjeneste</p> <p>Salberg kyrkje kl 12.00
Gudstjeneste</p> | <p>21.05. 6. søndag i påsketida
Luk 18, 1-8
Mosvik kyrkje kl 11.00
Gudstjeneste v/prest
Sverre Gustad</p> | <p>28.06. Liatjønna, Mosvik kl 19.00
Friluftsgudstjeneste v/prest
Sverre Gustad</p> <p>29.06. Sakshaug gamle kyrkje kl 19.00
Persokmesse v/prest
Sverre Gustad</p> |
| <p>02.07. 4. søndag i treenighetstida
Mark 10, 17-27
Kjerknestangen kl 11.00
Friluftsgudstjeneste v/prest
Sverre Gustad
Båttreff</p> | | |

Inderøy sokneråd trenger flere klokkere

Er du interessert i – eller kjenner du noen som kunne tenke seg å være klokker i Sakshaug kirke? Egen instruks for klokkere finnes på kirkekontoret. Ta kontakt med soknerådsleder Birgit Sund Henriksen tlf. 90 55 83 27 eller nestleder Stig Fossum tlf. 41 68 56 14.

Hilsen Inderøy sokneråd



INDERØY PRESTEGJELD

www.inderoy.kirken.no

KIRKEKONTORET

Inderøy kirkekontor tlf. 74 15 60 20
Telefax 74 15 60 21
Sokneprest Ottar Strand 74 15 60 20
mobil 926 91 115
Menighetspedagog
Silje Vang Pedersen 74 15 60 20
mobil 907 35 272
e-post: post@inderoy.kirken.no

KONTORTID

Mandag–fredag kl. 10.00–14.00
Ellers etter avtale.
Mandag har prestene fri.

INDERØY KIRKELIGE FELLESRÅD:

Kirkeverge:
Kjell Westerdahl tlf. 74 15 60 20
mobil 910 05 835
Kantorer:
Siv Anette Lorentzen mobil 951 22 201
Bjørn Bratsberg mobil 995 82 331
Silje Vang Pedersen mobil 907 35 272

Kirketjener / kirkegårdsarbeider:

Tor Gunnar Nilsen mobil 909 13 467
Kåre Jørstad mobil 906 52 806
Odd Hamstad mobil 957 98 990
John Halvor Berg mobil 906 64 605

Leder i Inderøy kirkelige fellesråd:

Vivian Furunes mobil 902 71 513

MOSVIK SOKN:

Leder i soknerådet:
Vivian Furunes mobil 902 71 513

INDERØY SOKN:

Leder i soknerådet:
Birgit Sund Henriksen mobil 905 58 327

RØRA SOKN:

Leiar i soknerådet:
Magnus Støre mobil 918 66 843

SANDVOLLAN SOKN:

Leiar i soknerådet:
Kristin Duklæt Taraldsen mobil 922 13 199

Mosvik kirkestue

Bestilling til Astrid Melting,
tlf. 922 15 187 / 74 06 46 14.

Salbergstu

Bestilling til Magnus Støre, tlf. 918 66 843

Inderøy Kirkestue – lille sal

Bestilling til kirkekontoret, tlf. 74 15 60 20

Inderøy Kirkestue

Bestilling av rom i forbindelse med
minnesamvær, selskaper m.m.:
Solveig B. og Reidar Pedersen,
tlf. 47 64 49 09, mobil 957 88 829

KJERKBLAD FOR INDERØY

Utgiver: Sokneråda i Inderøy prestegjeld

Redaksjonskomité: Liv Skogset Værdal, redaktør (e-post: liv.vaerdal@online.no, mobil 917 09 285),
Ottar Strand (e-post: ottar.strand@inderoy.kirken.no), Kari Nikolaisen (e-post: kari.nikolaisen@ntebb.no),
Nina Fossum (e-post: nina.fossum@ntebb.no), Jørgen Røflo (e-post: jorgen.roflo38@gmail.com),
Jan Sundseth (e-post: jansundseth@yahoo.no).
Konto Sparebank1: 4202 18 67785

Det står skrevet: *Jeg er den gode gjeteren. Jeg kjenner mine, og mine kjenner meg. Slik som Far kjenner meg og jeg kjenner Far. Jeg gir livet mitt for sauene. Jeg har også andre sauer som ikke hører til denne flokken. Også dem må jeg lede.*

Joh 10,14-16